

## **Behovsprøving av drosjeløyve S-003**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Løyve S-003 med stasjoneringsstad Skjolden med tilknytning til Drosjesentralen i Gaupne, vert oppretthalde og lyst ledig.

#### Prenta vedlegg:

1. Uttale frå NT avd.Sogn og Fjordane
2. Frå Regionalavdelinga

## **SAMANDRAG**

I Luster kommune er det 7 løyvehavarar. 5 av desse løyva er tilknytt Drosjesentralen i Gaupne, i tillegg til at dei har egne stasjoneringstader utanom. Det vil sei at dei har ei vaktordning ved sentralen og i "fritida" har dei vakt på stasjoneringstaden. Løyva har stasjoneringstad på desse plassane: Hafslo, Veitastrond, Jostedal, Gaupne, Fortun, Sørheim.

## **BAKGRUNN**

Bakgrunn for at saka er reist er at løyvehavar Steinar Fortun har sagt opp løyve S-003 med slutt dato 1.april 2005.

## **VIKTIGE LOVER/REGLAR**

Drosjetenesta er undergitt behovsvurdering og tal løyve i kvart løyvedistrikt vert fastsett av fylkeskommunen. Drosjeløyve skal ikkje utferdast i større tal enn det er behov for. Dei sentrale elementa i ei slik behovsvurdering er:

1. Omsynet til publikum for at dei skal ha eit tilfredsstillande transporttilbod.
2. Omsynet til at drosjeeigaren som vert gjeve rett og plikt til å utøve denne verksemda, vert gjeve eit minimum av økonomisk utkomme av verksemda til vedlikehald og investering i tenleg materiell, samt ei rimeleg inntekt.

## **UTTALE**

Vanleg praksis i behovsvurdering som gjeld drosjeløyve er at regionalavdelinga ber gjeldande kommune og Noregs Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane om uttale i saka. Brev til uttale er sendt herfrå 02.11.04 med frist til uttale innan 31.01.05.

Innan fristen har vi motteke skriftleg uttale frå NT avd. Sogn og Fjordane.

I uttale frå NT avd. Sogn og Fjordane heiter det: Ledig løyve i Luster kommune S-003 må lysast ut snarast – med stasjoneringstad drosjesentralen "Taxi-service" i Gaupne

## **KONKLUSJON/ TILRÅDING**

Vi vil tilrå at løyve S-003 vert oppretthalde og lyst ledig med stasjoneringstad Skjolden og med krav om tilknytning til Sentralen i Gaupne.

I dag har løyve S-003 stasjoneringstad Fortun. Vi ser det som naturleg at det vert endra til Skjolden på grunn av bustadmønsteret. Sentralen i Gaupne fungerer veldig godt. For å behalde det gode samarbeidet må det vere krav om at S-003 skal vere tilknytt Sentralen i Gaupne.